

Årsplan SFO  
Bygstad skule  
2024/2025



# Velkommen til Bygstad skule SFO

- Skulefritidsordninga (SFO) er eit tilbod for barn i 1.-4. klasse, og for barn med særskilde behov i 5.-7. Klasse. Det skal leggast til rette for leik, kulturaktivitetar, fysisk aktivitet/friluftsliv, og sosial læring med utgangspunkt i barnet sin alder, funksjonsnivå og interesser. Barna skal ha innverknad på eigen kvardag innanfor rammene til SFO.

- **Opningstida på SFO er frå kl. 07.00-09.00, og frå skuleslutt til kl. 16.30.**

- Unntak frå opningstida er 5 planleggingsdagar for personalet i løpet av året.

## **Organisering:**

**SFO borna ved Bygstad skule er organiserte i to grupper:**

**Lillehestane: Er barna som går i 1. og 2. klasse**

**Storehestane: Er barna som går i 3. og 4. klasse**

# Organisering av SFO-gruppene

- Felles måltid for Lillehestane og Storehestane blir organisert i same rom
- SFO skal vere ein plass der barna opplever demokrati i praksis. Ein stad der dei blir lytta til og der dei kan vere med å påverke. Å arbeide med demokrati vil seie at barna får øve seg på å respektere at vi er forskjellige og har ulike meiningar. Det vert difor
- faste barnemøte første måndag og onsdag i kvar måned der borna får kome med innspel til aktivitetar dei ønskjer, og der dei får vere med på å påverke eigen kvardag på SFO. Nokre gonger blir dei delt i gruppene på desse møta for at alle skal bli høyrde ut frå sine føresetnader.

# Informasjon om fridagar/feriar

- I feriane, inklusiv sommarferien har barna våre tilbod på Sande skule SFO. Det vil vere med personale frå Bygstad skule SFO.
- I elevferiar, som haustferie, vinterferie, jul og påske blir SFO-tilbuda samordna. D.v.s at Bygstad SFO samordnar seg med Sande SFO
- Du melder barnet på elevfrie dagar og feriar i visma seinast 14 dagar før.
- SFO er stengt julafta og nyttårsafta. Onsdag før skjærtorsdag stenger SFO kl.12.00.Hugs at du må melde deg på særskilt om du ønskjer sommarferietilbodet kvart år. Fristen er 1. mai.
- SFO har stengt 4 veker i juli

# Foreldresamarbeid

- Vi på Bygstad skule ønskjer å ha god kontakt med dykk som foreldre gjennom uformell samtale ved bringing/henting. Vi på SFO har ikkje organiserte foreldresamtalar, men dei som ønskjer må berre ta kontakt med SFO-leiar for ein samtale.

## Forventningar til føresette:

- Gjev tilbakemelding til personalet.
  - Seier i frå til personalet når barnet blir henta.
  - At barnet blir henta til rett tid.
- Les informasjon på vekeplanen og anna informasjon frå skule/SFO.
  - Syt for at barnet kvar dag har: - Gode utekle og sko. - Ekstra skiftekle. - Kleda skal vere merka med barnet sitt namn.
- Niste til SFO.

# Periodeplanar SFO året er delt inn i 6 ulike periodar

Begge gruppene jobbar etter desse planane, men gjer dei til sine ut frå sine føresetnader og personalet sine ressursar

• Periode 1 August-september

## - **TEMA: BLI KJEND**

"Hei! Kven er du?"

### **MÅL:**

- Barna skal trivast på SFO
- At barna skal synest at SFO er ein god og stad å vere
- Blir kjend med dei andre barna og vaksne
- Bli kjend med, og lære daglege rutinar og reglar på SFO
- Barna skal føle at dei høyrer til

- -Bli-kjend-leikar der barn og vaksne deltek
- -Spele spel
- -Barnemøte der ein blir samde om felles reglar på SFO
- **MARKERING I PERIODEN:**
- -Lage betasuppe saman og samlast rundt bordet

## Periode 2 Oktober-november

- **TEMA: FELLESKAP OG FARGAR**
- "Eg høyrer til!"
- Borna skal oppleve ei kjensle av å høyre til i gruppa
- Styrke nye venskap og sosialisere dei som sit for seg sjølv
- Barnemøte
- Få til ein god struktur på SFO-kvardagen
- Minne på reglar
  
- **MARKERING I PERIODEN:**
- Haustfest med utkledning



- **Periode 3** November-desember
- TEMA: Jul
- Roe ned og kose oss
- Skape julestemning på SFO
- Vi skal tilby varierte juleaktivitetar
- Lage julebakst
- Barnemøte
- **MARKERING I PERIODEN:**
- Nissefest!

- **Periode 4** Januar-februar
- TEMA: Vinter
- Barna skal oppleve gleda av å vere ute
- Ha ulike aktivitetar som akekonkurransar og skidag
- Lage islykter med meir
- Barnemøte
- **MARKERING I PERIODEN:**
- Ski/akedag

- **Periode 5** Mars-april
- TEMA: Vår
- Bli kjend med nærmiljøet
- Ta vare på naturen og nærmiljøet
- Bruke naturen aktivt
- Turar i nærmiljøet
- Plukke boss i nærmiljøet
- Lage påskepynt
- Barnemøte
- **MARKERING I PERIODEN:**
- Lage eit påskemysterie saman

- **Periode 6** Mai-juni
- TEMA: Sommar
- Barna skal lære uike regelleikar
- Vassleik ute
- **MARKERING I PERIODEN:**
- Grillfest